

Børsdalselva: For stor belastning

25.04.2014

Børsdalselva vert ikkje gjeve konsesjon for utbyggjing. Søknaden gjekk ut på overføring av vatn frå Kvanngrødtjønn, regulering av Fagerdalsvatnet med 5 meter, og utnytting av eit fall på 380 meter i Børsdalselva. NVE finn at fordelene ikkje overstiger skadane og ulempene for ålmenne interessersom vert berørt. Produksjonen ville vore 17 GWh.

Kommunen og fylkeskommunen var positive til utbyggjinga, men ynskjer at biologisk mangfald, landskap og friluftsliv vert ivareteke.

Fylkesmannen fremja innsigelse utifrå omsynet til landskap, friluftsliv og INON-tap. FNF Hordaland, Naturvernforbundet i Hordaland, Bergen turlag, Kvinnherad turlag og Kvinnherad SV fraråda byggjing på grunn av området sin store verdi for friluftsliv, reduksjon i INON, raudlista moseartar og sårbare fuglar i området. Kvinnherad Venstre er imot med bakgrunn i frilufts- og reiselivsinteresser.

NVE har lagt vekt på at prosjektet i stor grad vil berøre sårbart høgfjell. Det vil skape varige sår i landskapet og auka den samla belastning i området i lang tid framover.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen. Foto: SKL